

## NORDSJØFARTMUSEET I TELAVÅG

Telavåg 26.04.2016

Hordaland Fylkeskommune  
Kultur- og idrettsavdelinga  
v/Bjørg Larsen

### SØKNAD PÅ TILSKOT TIL KULTURBYGG MED REGIONALE FUNKSJONAR

Historia om Telavåg og motstandsarbeidet til kystfolket under krigen har interesse både nasjonalt og internasjonalt. Nordsjøfartmuseet formidlar denne historia. Rundt 2400 elevar frå heile Hordaland vitjar museet årleg. Vårt tilbod til elevar er forankra i læreplanar både i grunnskule og vidaregåande opplæring. Museet oppfyller ei oppmoding frå nasjonalt hald gjennom si Holocaustmarkering. Den årlege markeringa av Holocaustdagen for elevar i regionen er eit eksempel på museet sin innsats i haldningskapande arbeid. Museum Vest har det okkupasjonshistoriske ansvaret i Hordaland fylke. Nordsjøfartmuseet er ei viktig brikke i Museum Vest sitt pedagogiske tilbod på det krigshistoriske feltet til elevar regionalt. Nordsjøfartmuseet vil vera betra rusta til denne besøksgruppa om våre fasilitetar vert oppgraderte.


Museet var nytt i 1998 og er universelt utforma etter den tida sin standard. Det er Sund kommune sitt kulturhus, og eit forsamlingshus for bygda Telavåg. Museet samarbeider tett med Sund kommune, og er ofte møteplassen når utanlandske og andre grupper vitjar kommunen. Museet samarbeider med både lokale- og regionale lag og organisasjonar. Ein kan nemne Nordsjølypegruppa Ut mot havet, Telavåg Kvinne- og familielag, Telavåg Idrettslag, Telavåg Velforeining, Vest Næringsråd, Kysteventyret, Senioruniversitetet for Sotra og Øygarden, Stiftelsen Raftohuset. Nordsjøfartmuseet har også nært samarbeid med museum og organisasjonar i Norge og Europa som arbeidar på feltet krig, okkupasjon og menneskerettar. I løpet av 2016 kjem Museum Vest til å melde seg inn i det nyetablerte museumsnettverket for demokrati og menneskerettar. Det vil vera naturleg at Nordsjøfartmuseet arbeidar vidare med dette.

Om lag 8000 vitjar museet årleg og det er ei glede å tilby museumsbesøkjande matserving i tilknytning til museumsbesøket. Delen av prosjektet som gjeld kjøkkenforbetringar er no utført ved at nytt kjøkken og moderne oppvaskmaskin er på plass. Det som står att i prosjektet er ny museumsdisk, butikk og leikekrok for born.

Det er ynskjeleg å leggja større vekt på meirsal frå vår museumsbutikk. Bornefamiliar er ei besøksgruppe me ynskjer å tiltrekkja oss, og ein ynskjer å tilby eit aktivitetstilbod for born. Det er behov for ein museumsresepsjon som tydeleg signaliserer våre tilbod når det gjeld museumsformidling, museumsbutikk og servering. Varene i museumsbutikken må bli presentert frå nye hyller. Borna skal få eit leikeområde med eit maritimt uttrykk i museet. Det føreligg teikningar av ombygginga og det er henta inn pristilbod frå aktuelle leverandørar. Alle postane i budsjettet og finansieringsplanen som fylgjer denne søknaden kan dokumenterast med vedlegg. Det er ynskjeleg å starta opp arbeidet med ny museumsdisk, butikk og leikekrok 1. november 2016.

Museet tillet seg å søkja på tilskot til kulturbygg med regionale funksjonar med kr 600.000,-.

Med venleg helsing



Jenny Chr. Heggvik  
Leiar  
Museum Vest  
Nordsjøfartmuseet

## PROSJEKTBEKRIVELSE

### NYTT KJØKKEN, NY BUTIKK, MUSEUMSDISK OG LEIKEKROK PÅ NORDSJØFARTMUSEET

Nordsjøfartmuseet i Telavåg ligg i Sund kommune. Sund kommune har ikkje eit eige kulturhus og museet fungerer som eit kulturhus i kommunen. Våre lokale blir brukt til konsertar, tilstellingar både i privat og offentleg regi og me er kommunens fyrstårn innan reiseliv.

Nordsjøfartmuseet har som mål at fleire elevar, turistar, næringslivskundar og privatkundar skal besøkje oss, og at museet skal innfri dei tenestene våre besøksgrupper ynskjer. Frå nasjonalt hald har musea i den seinare tid blitt oppfordra til å bidra med driftsmidlar gjennom auka eigeninntekter. Dette har Nordsjøfartmuseet også eit ynskje om å etterkoma. For å oppnå eit betre museumstilbod, som igjen kan auka eigeninntektene, vil me styrkja kvaliteten på tenestene våre.

Nordsjøfartmuseet er teikna av arkitekt Paal Kahrs og vart opna i 1998. Bygget er moderne og ligg fint i terrenget med utsyn over bygda Telavåg. Museet har vore praktisk og tenleg i desse åra, men krava til museumsdrift og vektlegging av innsatsområde har endra seg i løpet av 18 år. Difor er det behov for ei oppjustering og fornying.

Museet har fullført første del av dette prosjektet; nytt kjøkken med moderne oppvaskemaskin står klart. Neste skritt i prosjektet er ny museumsdisk, ny museumsbutikk og leikekrok for born. Museumsdisken og butikken er teikna av profesjonell designer, slik at planane er klare til å setja i gang når finansieringa er på plass. Delar av butikkinneinga har ein også finansiert med ei øyremerka gåve frå den lokale næringslivsorganisasjonen Vest Næringsråd.

Museet vil tiltrekke seg kundegruppa bornefamiliar, og ynskjer å få i stand ein leikekrok for born. Me ynskjer å gjera museet meir attraktiv for bornefamiliar ved at borna får eit eige område i museet der dei kan leika. Me ser for oss innkjøp av tilpassa møblar, bokhyller, teppe, bøker, leiker, klossar osb.

Telavåg 26.04.2016

FINANSIERINGSPLAN og BUDSJETT Prosjekt Nytt kjøkken, museumsdisk, -butikk og leikekrok på Nordsjøfartmuseet					
	Finansieringsplan		Budsjett		
	Beskriving	Vedleggnr	Beløp		
1	Søknadsum	Budsjett søknad regionalt kulturhus.	600000	Museumsdisk og butikk	562750
2	Eigenkapital	Montering, klargjering, administrasj	122776	Leikekrok	124375
3	Kommunalt tilskot		0	Kjølemonter kafe	16625
4	Fylkeskommunalt tils.	Tilskot regionalt kulturbygg 2015	443000	Kassaapparat	13625
5	Privat tilskot	Tilskot Museum Vest	55000	Digital skjerm til resepsjon	18750
6	Lån		0	El arbeid resepsjon butikk	20000
7	Dugnad		0	Kjøkken innreiing/montering	79338
8	Gåver	Vest Næringsråd pr 2015	50000	Ventilasjonsarbeid	22973
9	Andre tilskot	Søknad SR-bank pr.19.03.16	100000	Oppvasutstyr	106600
10	tidlegare spellemidler		0	Golvbellegg i våtrom	15031
		<b>SUM</b>		El arbeid	50574
				Byggevarer	87260
				Røyrleggjararbeid	45375
				Teikning /Design butikk museumsdisk	50000
				Montering/Klargjering	87500
				Administrasjonsutgifter	70000
		sum	<b>1370776</b>	<b>SUM</b>	<b>1370776</b>
	Telavåg 26.04.2016				